



MØTEPROTOKOLL

Utval: Eldrerådet
Møtedato: 04.05.2016
Møtetid: 16:00 - 17:20
Møtestad: Kommunehuset

Av 5 medlemmer møtte 4, inkludert varamedlemmer.

Desse medlemmene møtte ikkje:	I staden møtte:
Gunnar Bruvik	

Andre som var til stades på møtet:
Rådmann Tone Ramsli

Møteleiar:	Solveig Vassenden
Møtesekretær:	Tone Ramsli

Merknader:
Rådmannen leia møte under sak 1 og sak 2. Nyvald leiar leia diskusjonen om oppgåver, møtetidspunkt m.m. Denne diskusjonen kom etter handsaming av sak 2 men vert protokollert under sak 1 under skriv og meldingar.

Orienteringar/meldingar:	Rådmannen orienterte om formannskapet si bestilling av økonomisk analyse av kommunen, og at kommunestyret vil ta stilling til vidare arbeid med den i sitt møte den 12.05.2016.
---------------------------------	---

Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:

Tysse, 10.11.2016

Underskrift utvalsleiar

Underskrift møtesekretær

Desse sakene vart handsama:

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
001/16	16/438	Faste saker	
002/16	16/436	Eldreråd 2015-2019 - val av leiar og nestleiar	

SAKNR. 001/16 FASTE SAKER

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Delegererte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

04.05.2016 ELDRERÅDET

Handsaming i møtet:

Blant utsendte skriv var der eit notat frå kulturkonsulenten Meline Heimdal Haugland om fordeling av midlane frå den Kulturelle Spaserstokken. Eldrerådet har her fått til disposisjon 11.666 kroner. Eldrerådet vil disponera 6.666 kroner i samband med markering av eldredagen 1.10. 16. Resterande sum vedtok dei å gje som tilskot til Pensjonistlaget for at dei skal ha eit arrangement for alle eldre gjerne i november/desember 2016.

Eldrerådet vedtok samrøystes framlegget med tillegg av løyvinga til pensjonistlaget.

Med innkallinga låg eit notat frå rådmannen om oppgåver og møteplan for eldrerådet. Rådet drøfta dette og var samd i fylgjande:

- Møta vert haldne på onsdagar eller torsdagar, med start kl 13.00.
- For 2016 vert det minst 3 møte til, dvs. i veke 25, 35 og i månadsskifte november – desember. Budsjettprosessen vil kunne bety at det vert aktuelt med eit ekstra møte.
- Til første møte i juni skal det lagast utkast til reglement for eldrerådet. Dette skal godkjennast av kommunestyret.
- Eldrerådet legg til grunn at alle prinsipielle saker som vedkjem dei eldre vert lagt fram for rådet til uttale.

ELD-001/16 VEDTAK:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.
- Pensjonistlaget får eit tilskot på kr 5.000 til eit kulturelt arrangement for alle eldre. Eldrerådet ser gjerne at det vert halde i november/desember 2016. Summen vert løyvd av avsette midlar til eldrerådet frå den kulturelle spaserstokken.

SAKNR. 002/16

ELDRERÅD 2015-2019 - VAL AV LEIAR OG NESTLEIAR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

04.05.2016 ELDRERÅDET

Handsaming i møtet:

Eldrerådet gjekk samrøystes inn for å velja Solveig Vassenden som leiar og Solveig Sjursen som nestleiar.

ELD-002/16 VEDTAK:

Solveig Vassenden vert vald til leiar

Solveig Sjursen vart vald til nestleiar.